

Saksnr: 2019/114-1
Saksbehandlar: Trude Helen Flåten og Signe Rauboti

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019

Endring av aksjekapitalen og vedtektene til Skyttel AS og Ferde AS**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Ferde AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020.
2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Skyttel AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020

Samandrag

Som følgje av fylkessamanslåing er det behov for å endre vedtektene og aksjekapitalen til Ferde AS og Skyttel AS. Styret i selskapet har sendt eigarane eit endringsforslag å ta stilling til, før handsaminga på ekstraordinær generalforsamling i selskapet i byrjinga av 2020.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Skyttel AS - notat om endring av føremålet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Vest Agder og Aust Agder eig 20 % kvar av aksjane i Ferde AS og Skyttel AS. Samanslåinga av fire av fylkeskommunane til to nye, gjer at eigarbrøkane i selskapa endrar seg frå lik eigardel til ulik eigardel (Rogaland fylkeskommune 20%, Vestland fylkeskommune 40% og Agder fylkeskommune 40%). Selskapa har derfor sett på om det er behov for å endre aksjekapitalen, styrerepresentasjonen og vedtektene i Ferde AS og Skyttel AS. Det står ikkje noko i vedtektene om eigarbrøkane, men i saksgrunnlaget for fylkestinga sine vedtak om etablering av eit regionalt bompengeselskap (Ferde AS) vart det føresett lik eigardel og likt tal styremedlemmer:

Fylkesrådmennene rår til at aksjekapitalen vert likt fordelt mellom eigarane. [...] Talet på prosjekt i det regional selskapet vil variera over tid. Nærleiken til dei enkelte prosjekta som er bompengefinansierte kan sikrast gjennom prosjektstyringsgrupper/kontaktutval- og er uavhengig av kven som sit i styret. Fylkesrådmennene kan ikkje sjå at enkelte fylkeskommunar i region sør/vest har særleg styringsbehov som tilseier ulik aksjefordeling eller ulikt tal på styremedlemmer.

Dei same føresetnadene låg til grunn ved opprettinga av Skyttel AS.

Om føresetnaden om lik aksjefordeling og likt tal styremedlemmer framleis skal gjelde etter 01.01.20, vil det vere behov for å gjere endringar i eigarskapen, styresamansetjinga og vedtektene. For Skyttel AS har styret også føreslege ei oppdatering av føremålet.

Eigarskapen er føreslegen endra ved å gjennomføre ei kapitalauke i høvesvis Ferde AS og Skyttel AS ved ein retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som vert invitert til å teikna seg for nye aksjar slik at eigarbrøkane vert like.

Når det gjeld styresamansetjing, er vedtektene også føreslegne endra, slik at eigarane skal ha likt tal styremedlemmer etter samanslåinga. Talet på styremedlemmer er føreslege utvida med ein, slik at det kjem to frå kvart fylke. Talet på varamedlemmer kan samstundes reduserast frå fem til tre, der det kjem ein frå kvar fylkeskommune, om ein fjernar regelen om at varamedlemmer skal vera personlege.

Selskapa planlegg å handsame endringane på ekstraordinære generalforsamlingar i byrjinga av 2020.

For nærare informasjon om selskapa, syner prosjektleiar til Sogn og Fjordane fylkeskommune si eigarmelding for 2019:

https://www.sjf.no/ato/esa62/document/1-eigarmelding-2019-saknr43_2019-cat344489-mid119884_7f2e6633bf.19155273d19155273.28bc0cfd8c.pdf

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet i tråd med gjeldande delegeringsreglement.

Styret i Ferde AS sitt endringsforslag

Som følgje av samanslåinga av fylkeskommunane, vil fleire av eigarane bytte namn. Dette medfører behov for å endre § 3 i vedtektene:

Formålet til selskapet er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtekne innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.

Styret sitt forslag til ny § 3:

Formålet til selskapet er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtekne innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.

Etter samanslåinga vil Ferde AS frå 1. januar 2020 vere eigd av Agder fylkeskommune med 200 aksjar, Rogaland fylkeskommune med 100 aksjar og Vestland fylkeskommune med 200 aksjar. Skal føresetnaden om lik aksjefordeling og likt tal styremedlemmer for eigarfylka framleis gjelde etter 1. januar 2020, vil det etter retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune vere behov for å endre § 4 og § 8 i vedtektene:

§ 4.
Aksjekapitalen er kr. 500 000,00.

§ 8.
Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem vert valde slik at funksjonstida til styremedlemane er 2 år, men slik at 2 og 3 medlemmer er på val annankvart – 2 medlemmer er på val det første året etter stiftinga. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Daglig leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og fylkesrådmennene er valkomite.

Styret sitt forslag til ny §§ 4 og 8:

§ 4.
Aksjekapitalen er kr. 600 000,00.

§ 8.
Selskapet skal ha eit styre på 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 3 styremedlemmer og 1 varamedlem. Styremedlem vert vald slik at funksjonstida til styremedlemmen er 2 år, men slik at 3 medlemmer er på val kvart år. Varamedlem vert vald slik at funksjonstida til varamedlemmen er 2 år. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og fylkesrådmennene er valkomite.

Styret i Skyttel AS sitt endringsforslag

Føremål, aksjekapital og styremedlemmer er regulert i gjeldande vedtekter §§ 2, 4 og 5:

§ 2.
Selskapets formål skal være virksomhet relatert til bompengtjenester, herunder AutoPASS bompenge- og fergebetaling, driftstjenester og systemløsninger.

§ 4.
Selskapets aksjekapital er kr. 167.070,- fordelt på 2750 aksjer à kr. 60,752,- fullt innbetalt.

§ 5.
Selskapet skal ha et styre på 5 medlemmer med personlige varamedlemmer. Begge kjønn skal være representerte med minst 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem blir valgt slik at funksjonstiden til styremedlemmene er 2 år. Generalforsamlingen velger styreleder. Styret velger selv nestleder. Daglig leder blir tilsatt av styret. Fylkesordførerne utgjør generalforsamlingen og fylkesrådmennene er valgkomite.

Styret i Skyttel AS tilrår at generalforsamlinga godkjenner slik endring av vedtektene:

§ 2.

Selskapets formål skal være virksomhet relatert til systemløsninger, driftstjenester og kundetjenester innen betalingsformidling, innfordring og rapportering innen transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstjenester fra andre sektorer knyttet til selskapets teknologiske løsninger.

§ 4.

Aksjekapitalen er kr. 200 484,00 fordelt på 3300 aksjer à kr 60,752.

§ 5.

Selskapet skal ha et styre på 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem blir valgt slik at funksjonstiden til styremedlemmene er 2 år.

Generalforsamlingen velger styreleder. Styret velger selv nestleder. Daglig leder blir tilsatt av styret. Fylkesordførerne utgjør generalforsamlingen og fylkesrådmennene er valgkomité.

Forslaget om føremålsendring kjem som ei følgje av endringar i marknaden for bompengedrift, jf. vedlagte notat «Skyttel AS».

Administrerande direktør grunngjev endringsforslaget om aksjekapital og styre slik i brev av 27.06.19:

Om forutsetningen om lik aksjefordeling og likt tall på styremedlemmer fremdeles skal gjelda etter 1.1.2020, vil det være behov for å gjøre endringer i eierskap, styresammensetning og vedtektene. Eierskapet kan endres ved å gjennomføre en kapitaløkning i Skyttel AS ved en rettet emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som blir invitert til å tegne seg for 550 nye aksjer til kurs 60,752 kr. per aksje – totalt kr 33414,-, slik at eierbrøkene blir like.

Ved etablering av Skyttel AS gikk samtlige eiere inn med en arbeidskapital (overkurs) på kr 1.022.888,- i tillegg til aksjekapital. Ved sammenslåing av fylkene vil Rogaland måtte skyte inn ekstra arbeidskapital (overkurs) på kr 1 022 888,- i tillegg til ekstra aksjekapital for at samtlige eiere skal ha lik eierandel.

Ifølgje ovannemnde brev skal generalforsamlinga i Skyttel AS behandle styret sitt forslag rett etter fylkessamanslåinga, altså tidleg i 2020.

Vurderingar og verknader

Prosjektleiar vurderer endringane i aksjekapital og styre som ei naturleg følgje av fylkessamanslåinga, og endringar i marknaden for bompengedrift (Skyttel AS).

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Prosjektleiar tilrår at fylkesutvalet ber eigarrepresentanten stemme for styra i Ferde AS og Skyttel AS sine forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter.